

SAK 18/09 ÅRSMELDING 2008

Saksopplysning

Årsmelding 2008 for Regionrådet for Hallingdal er lagt ved som eige vedlegg.

Forslag til vedtak


Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2008.

Ål 24.3.2009

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2008

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



ÅRSMELDING 2008



INNHALDSLISLE

1.	VEDTEKTER	3
2.	FORMÅL	3
3.	ORGANISERING	3
4.	MØTER/SAKER	3
5.	EINSKILDE SAKER	4
5.1	Strategisk plan for Hallingdal	4
5.2	Samordning kriminalitetsførebyggande tiltak i Hallingdal	4
5.3	Trafikktryggleik /Trygge Lokalsamfunn	4
5.4	Samferdsel	5
5.5	Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune	8
5.6	Partnarskapsavtale med DBC-Næringshage	8
5.7	Regionalt næringsfond	9
5.8	Skjønmidlar til omstillingstiltak	9
5.9	Fjellregionsamarbeidet	9
5.10	"Det Digitale Hallingdal"	9
5.11	Breiband Hallingdal	10
5.12	Rekruttering til Hallingdal	10
5.13	Lys i alle glas	10
5.14	Tilflyttingsprosjekt	11
5.15	Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres	11
5.16	Eit opnare Hallingdal - utsiktsrydding	12
5.17	Forvaltningsreforma	12
5.18	Eventuell samanslåing av politidistrikt i Buskerud	12
5.19	Uttaler	13
6.	VERV	13
7.	PERSONELL	13
8.	ØKONOMI	14
9.	UTFORDRINGAR	14

Vedlegg: Strategisk plan, vedteke handlingsplan 19.12.2008

ÅRSMELDING 2008

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

1. VEDTEKTER

Vedtektene for Regionrådet er basert på viljeserklæringa om interkommunalt samarbeid som vart vedteke på Hallingtinget 26. nov. 1999, og revidert av det nye Hallingtinget på møte 30.november 2007.

Vedtektene vart revidert i 2001 med handsaming på Hallingtinget 16. mars 2001 og er vedteke av alle kommunane.

2. FORMÅL

Regionrådet for Hallingdal skal vere eit samarbeids- og interesseorgan for kommunane i Hallingdal. Rådet skal arbeide for utvikling av regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde.

Rådet skal også vareta interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

3. ORGANISERING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Ordførarane utgjer Regionrådet for Hallingdal.

Administrasjonssjefane i kommunane har møterett på Hallingtinget og blir kalla inn til møta med tale- og forslagsrett.

Hausten 2007 vart det valt nye representantar til Hallingtinget, for perioden 2007-2011:

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Erik Kaupang ordfører	Torleif Dalseide ordfører	Olaug Grønseth Granli, ordfører	Oddvar Grøthe ordfører	Gerd Eli Berge ordfører	Tor Egil Buøen ordfører
Tony Arild Kjøl	Ivar Brevik	Kåre Olav Solhjell	Olav Støyten	Ingunn Fagermoen, Eva,	Kristin Gullingsrud
Siren Hamre	Harald Varlid	Mona N. Faleide	Odd Holde	Eva Bjørg Haugen	Karsten Ekeren
Maria Søndrål Wick	Torhild Helling Bergaplass	Steinar Medhus	Tove Eggen Lien	Nils Rodegård	Ole Johnny Stavn
Hallvard Lilleslett	Inger Elise Kaslegard	Hallvor Lilleslett	Ernst Tore Eggen	Bjørn Skjelseth	Sigrid Ingeborg Gislerud.

Oddvar Grøthe er rådsordfører for perioden og Torleif Dalseide er varaordfører.

4. MØTER/SAKER

I 2008 var det 2 møte i Hallingtinget og 9 saker vart handsama.

Regionrådet hadde 10 møter og handsama 82 saker.

5. EINSKILDE SAKER

Av større enkeltsaker som Regionrådet har arbeida med i 2008:

5.1 Strategisk plan for Hallingdal

Hallingtinget vedtok Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010, 28. april 2006.

I møte 26.9.2008 drøfta Hallingtinget handlingsprogram med vekt på prioriteringar 2009.

Med bakgrunn i dette arbeidet gjennomførte Regionrådet drøftingar (sak 58, 65, 73 og 79) for å koma fram til eit revidert handlingsprogram. Vedteke handlingsprogram sak 79/08 er lagt ved årsmeldinga.

5.2 Samordning kriminalitetsforebyggande tiltak i Hallingdal

I 2004 vedtok Regionrådet å rå kommunane til å setja i gang eit 3-årig tverrfagleg samarbeid mellom kommunane og lensmannskontora i Hallingdal, etter SLT- modellen. Hovudargumentet er å utvikle og styrke den lokale samordninga i Hallingdal, i det kriminalitetsforebyggande arbeidet.

SLT-prosjekt Hallingdal starta 01.01.05. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Regionrådet for Hallingdal og Lensmennene i Hallingdal, med økonomiske midlar frå kommunane og Justisdept. ved KRÅD (Det Kriminalitetsforebyggende Råd). Prosjektkoordinatør frå 15.8.2006 har vore Ole-Reidar Lågrinn.

Prosjektet skulle etter planen avsluttast 1.2.2008, men det er bestemt å vidareføre prosjektet i 2 nye år. Ny styringsgruppe vart valt i 2008:

- Ordførar Tor Egil Buøen, Flå kommune, leiar.
- Ordførar Gerd Eli Berge, Nes kommune
- Lensmann Pål Kasper Mikkelrud, Ål lensmannskontor
- Lensmann Bent Engebret Øye, Gol og Hemsedal lensmannskontor
- Rådmann Lars Ole Skogen, Hol kommune
- Leiar Bjørn Skjelseth, NAV Hallingdal

Prosjektet utarbeidar eigen årsrapport som skal handsamast av styringsgruppa.

5.3 Trafikktryggleik /Trygge Lokalsamfunn

Regionrådet for Hallingdal har sett fokus på trafikktryggleik. Hausten 2006 vart det etablert eit eige 3-årig samarbeidsprosjekt.

Noverande styringsgruppe er:

- Gerd Eli Berge, Regionrådet for Hallingdal (leiar)
- Erik Furuseth, distriktssjef Statens vegvesen, Øvre Buskerud distrikt
- Anne Marit Jordheim, fylkessekretær Trygg Trafikk Buskerud
- Einar Sand, distriktsleiar UP
- Geir Vidme, lensmann i Flå og representant for lensmannskontora i Hallingdal
- Magne Megard, Gjensidige Hallingdal
- Knut Arne Gurigard, forsikringsutvalet for kommunane i Hallingdal
- Kjell Amundsen, trafikkansvarleg i Nordre Buskerud politidistrikt

Knut Erik Jetlund byrja som prosjektleiar i 100% stilling frå 5.2.2007.

Prosjektet har ei førebels budsjettramme på 1,5 mill. kroner.

Prosjektet har eigen heimeside www.trafikktryggleik.no

Det er utarbeida eigen handlingsplan for prosjektperioden 2007 – 2009.

Prosjektet har som hovudmål å halvere talet på ulykker med drepte og hardt skadde i løpet av tre år.

Statens vegvesen har utført eit omfattande analysearbeid av ulykker på Rv7/Rv52, som er noko av grunnlaget for vidare arbeid. Styringsgruppa har m.a plukka ut åtte fokusområde, som er samla i fire delmål og underlagt fire arbeidsgrupper:

Gruppe 1

- Kjøreatferd, fart, rus og bilbelte

Gruppe 2

- Vegstandard / trafikkfarlige punkt

Gruppe 3 (fordelt på tre undergrupper)

- Samarbeid med reselivsnæringa
- Samarbeid med HallingExpo
- Samarbeid med transportnæringa

Gruppe 4

- Barn og ungdom

Prosjektet har fått svært god mottaking både regionalt og nasjonalt, og har etterkvart fått god lokal forankring.

Prosjektet utarbeidar eigen årsrapport som skal handsamast av styringsgruppa.

5.4 Samferdsel

Nasjonal Transportplan

Samferdsel har vore og er framleis ei prioritert oppgåve.

Arbeid som har kravd mykje ressursar har i fyrste rekkje vore i forhold til arbeidet med Nasjonal Transportplan (NTP) 2010 – 2019. I tillegg er Sokna – Ørgenvika og hovudvegane gjennom Hallingdal og Bergensbanen viktige oppgåver.

Regionrådet har arbeidd aktivt for å få fram Hallingdal sine synspunkt i samband med forslag til Nasjonal Transportplan for 2010 – 2019, der transportetatane sitt forslag vart lagt fram 17.januar 2008. Dette var ikkje spesielt lystig lesing for Hallingdal, der verken Sokna – Ørgenvika eller Ringeriksbanen låg inne i planperioden, ut frå dei rammene som var gjeve frå departementet.

Hallingtinget gav på vegne av kommunane uttale til NTP 2010 – 2019, sak 03/08.

I løpet av 2008 har det vore arbeidd på mange frontar for å få fram synspunkt og viktige prioriteringar for Hallingdal, som innspel til Regjeringa si stortingsmelding for NTP 2010 – 2019. I tillegg til at Regionrådet har arbeida med desse sakene har interesseorganisasjonane IS Rv7 og Forum Nye Bergensbanen vore viktige pådrivarar.

Forvaltningsplan for Rv7 og Rv52

I 2007 – 2008 har Statens vegvesen Region sør arbeidd med forslag til **Forvaltningsplan for Rv7 og Rv52**, der Regionrådet har vore ein del av ei referansegruppe og dagleg leiar har vore med i arbeidsgruppe.

Bakgrunn for prosjektet er auka trafikkgenerering som følgje av Hallingdal som stor og viktig reiselivsdestinasjon. For Hallingdal er det ei sterk planlagt auka satsing på reiseliv.

Statens vegvesen ynskjer å sjå denne utviklinga i samanheng med utviklinga av Rv7 og Rv52.

Intensjonen er å skape forståing hjå lokale, regionale og sentrale styresmakter for samanhengen mellom kommunane sine ynskjer om arealutvikling og kva riksveg 7 og riksveg 52 tålar av trafikkutvikling.

Hovudmålsettingane med arbeidet vil vera 3-delt:

- Peike på og skapa forståing for samanhengen mellom kommunane sine ynskjer om arealutvikling og kvifor vegen tålar av trafikkutvikling.
- Utvikle ein langsiktig, strategisk forvaltningsplan for å sikre ein balansert utvikling av vegen og "dens omgivelser" i regionalt perspektiv.
- Utvikle ein reknearkbasert modell for ajourhald og verifisering av samanhengen mellom arealbruksutvikling i reiselivssamheng og trafikkgenerering.

Arbeidet med forvaltningsplanen skal avsluttast våren 2009.

Ramsrud – Kjeldsbergsvingane

Frå 1.1.2004 vart Rv7 Hønefoss – Gol og Rv52 Gol – Borlaug stamveg. I 2008 kom dei fyrste direkte resultat ved at det vart sett av midlar for realisering av Ramsrud – Kjeldsbergsvingane. Anleggsstart vil bli i 2009.

Sokna - Ørgenvika

Arbeidet for gjennomføring av innkortinga Sokna - Ørgenvika held fram og reguleringsplanar er no vedteke i både Ringerike og Krødsherad kommune.

Alle kommunane i Hallingdal er med i bompengeselskapet Hallingporten Vegfinans AS som vart stifta våren 2006. Arbeidet er ein kontinuerleg prosess som også Buskerud fylkeskommune har engasjert seg sterkt i for å få gjennomført.

I samband med transportetatane sitt forslag til Nasjonal Transportplan for 2010 – 2019 vart Sokna – Ørgenvika nok ei gong skuva ut i det blå. I forslaget er Sokna – Ørgenvika ikkje inne, men ved ei marginalvurdering (auke 20%) står det: *"Dersom planrammen økes med 20 prosent, prioriterer Statens vegvesen statlige midler til bygging av ny Rv7 på strekningen Sokna – Ørgenvika i Ringerike og Krødsherad kommuner i siste seksårsperiode."*

Hovudgrunnen til situasjonen kan til dels forklarast med at det vart gjort ei sterk omprioritering til drift/vedlikehald med ei auka ramme på 30%, samstundes som det totale budsjettet ikkje er auka (politiske føringar).

I løpet av 2008 har det vore arbeidd aktivt for å få Sokna – Ørgenvika inn "på sikker plass" i Regjeringa si stortingsmelding for NTP 2010 – 2019. I tillegg har planlegging av prosjektet helde fram. Kommunane handsama i juni 2008 førebels utkast til bompengefinansiering.

Det er god von om at med samlande innsats frå Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune og Hallingdal bør grunnlaget for ei snarleg realisering vera på plass.

For den vidare prosessen er det viktig å vera klar over at stortingsproposisjon ikkje kan fremmast før etter at Stortinget har handsama NTP 2010-2019 i vårsesjonen 2009, og då under føresetnad av at Stortinget prioriterar prosjektet. Dette betyr i praksis stortingshandsaming av proposisjonen tidligast i vårsesjonen 2010.

Kampen for vinteropne vegar held fram.

For Rv7 over Hardangervidda har villrein vore stridstema. Ei hovudproblemstilling har vore nytten av å vinterstenge Rv7 for å betre tilgangen til beiter på nordsida av Rv7 og for å redusere barriereeffektane av ein vinteropen veg for utveksling av rein mellom Hardangervidda og Nordfjella villreinområder. Samstundes er det sterke samfunnsinteresser som talar for ein vinteropen veg.

I samband med statsbudsjettet for 2007 vart det ikkje teke endeleg stilling til Rv7 som vinteropen veg og eventuelle avbøtande tiltak, her står det:

”Miljøverndepartementet vil bidra til at det utarbeides en ny fylkesdelplan for hele Hardangervidda. I tillegg til å sikre villreinens leveområde, skal planen avklare arealbrukskonflikter, vise muligheter for økologisk forsvarlig næringsutvikling og gi de overordnede rammene for kommunal planlegging og behandling av saker etter sektorlover. Forhold knyttet til rv 7 vil være et aktuelt tema i en fylkesdelplan som skal legge rammene for en helhetlig forvaltning av Hardangervidda.

Etter behandlingen av fylkesdelplanen vil spørsmålet om vinterstenging av rv 7 bli vurdert på sentralt nivå.”

Arbeidet med fylkesdelplan for Hardangervidda 2011 – 2025 starta so smått i 2007 og er planlagt at kan slutthandsamast i fylkestinga i slutten av 2010.

Bergensbanen

I samband med transportetatane sitt forslag til Nasjonal Transportplan for 2010 – 2019 er det foreslått sett av 450 mill. kr. til Ringeriksbanen i slutten av planperioden. Av ei total kostnadsramme på 6,8 mrd. vil forslag til midlar berre vera til ei viss planlegging, m.a.o. ingen oppstart av Ringeriksbanen i komande planperiode. Det er også naudsynt med omfattande midlar til vedlikehald på Bergensbanen i tillegg til bygging av fleire kryssingsspor, for m.a. å kunne overføre meir gods frå veg til bane.

Bergensbanen har ein vesentleg %-del av godset som blir flytta mellom Noregs to største byar med omland, og trafikken har auka mykja dei seinare år. Frå 2003 har det vore ein vekst på 85% i auken på gods på jernbane mellom Bergen og Oslo. Godsmengda på banen tilsvarar om lag 150 000 trailerlass kvart år, eller over 400 trailerar gjennom Hallingdal kvar einaste dag. Dette er ei positiv utvikling som både gjev miljøgevinst, større trafikktryggleik på vegane og mindre vegslitasje. Her er det eit stort potensiale for auke dersom politikarane legg til rette for utbygging av nok kryssingsspor og terminalar. Tiltak som burde vore gjennomført for lenge sidan.

For oppgradering og utvikling av Bergensbanen med m.a. bygging av Ringeriksbanen er det nødvendig med ei sterk og kontinuerleg påverking. Den satsinga som m.a. Regionrådet for Hallingdal var med og initierte, med oppretting av ei eiga prosjektstilling underlagt Forum Nye Bergensbanen, bør vera eit godt grunnlag for å kunne drive eit meir kraftfullt arbeid, for å påverke ei heilt nødvendig utvikling av Bergensbanen. Prosjektstillinga er i utgangspunktet for 2 år, 2008 – 2009, der Regionrådet har løyvd kr. 200.000 til prosjektet.

Meir informasjon kan hentast på www.nyebergensbanen.no.

Andre moment

Andre viktige spørsmål innan samferdsel som det har vore arbeidd med er m.a.:

- Synleggjera konsekvensane med auken i trafikk på hovudvegane gjennom Hallingdal
- Utbetringar og heving av vegstandard.
- Sikre riksvegstatus for Rv7 vest for Gol etter 1.1.2010 (innføring av forvaltningsreformen), konf. Hallingtinget, sak 09/08; Høyring av forslag til klassifisering av øvrige riksvegar
- Regionrådskontoret har sekretariatsfunksjonen for Interesseselskapet IS Rv7.

5.5 Partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune

Frå 2004 er det oppretta eigen partnerskapsavtale mellom Regionrådet og Buskerud fylkeskommune. Føremålet med avtala er å bidra til ei utvikling av regionen i eit bærekraftig perspektiv med utgangspunkt i fylkesplanen sine målsettingar. Avtala plikter partane gjensidig til å delta i arbeidet med fylkesplanen sitt handlingsprogram og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekter og finansiering av desse.

I samband med dette arbeidet har Buskerud fylkeskommune oppnemnt Laila Tryde (Sp) og Dag Stenersen (Frp.) som regionkontaktar for Hallingdal.

Regionkontaktane deltek fyrst og fremst på dei møta i Regionrådet der det er saker som har relevans i forhold til partnerskapsavtala.

For 2008 var samarbeidet knytt til følgjande prioriterte område:

- Infrastruktur
- Innovasjon, entreprenørskap og rekruttering til Hallingdal
- Stadsutvikling
- Utdanning og kompetanse
- Regionale næringsprosjekt
- Reiseliv, kultur, miljø og naturbruk
- Fjellregionsamarbeid

For 2008 løyvde Buskerud fylkeskommune kr. 2.851.262 til gjennomføringsavtala og det er løyvd midlar til følgjande tiltak:

• Partnerskapsavtale med DBC-Næringshage	kr. 300.000
• Hallingdal Reiseliv	kr. 800.000
• Hallingfiske	kr. 50.000
• Vassdragsovervaking	kr. 150.000
• Gol kommune tettstadsanalyse	kr. 125.000
• Tilflyttingsprosjekt 2 år	kr. 600.000
• Musikalen Oliver Twist	kr. 60.000
• Forsøk Audio Guide	kr. 105.000
• Deaf Aid-strategi	<u>kr. 210.000</u>
• SUM	<u>kr.2.400.000</u>

Det kan vera verdt å understreke at det berre er tilflyttingsprosjektet som blir gjennomført i regi av Regionrådet for Hallingdal.

Restsum på kr. 451.262 er overført til 2009. For 2009 har Buskerud fylkeskommune i tillegg løyvd kr. 2.470.000 til gjennomføringsavtala.

5.6 Partnerskapsavtale med DBC-Næringshage

For perioden 2005 – 2007 var det ei eigen partnerskapsavtale mellom Regionrådet for Hallingdal og DBC-Næringshage. Denne vidareført for 2008 innanfor ei honorarramme på kr. 300.000, som skal tilsvare minimum 50% av prosjektkostnadane. Midlane skal takst frå regionale utviklingsmidlar. Definerte samarbeidstiltak for 2008 er innan følgjande områder:

- Entreprenørskap og nyskapning
- Skule Næringsliv/ Rekruttering
- Kunnskap og FOU
- Alliansebygging og bedriftsnettverk

5.7 Regionalt næringsfond

Total løyving for 2006, 2007 og 2008	<u>kr. 4.448.000</u>
I 2007 løyvde Regionrådet midlar til følgjande tiltak:	
- 31/07 Hallingmo	kr. 450.000
- 39/07 Norges Friluftshøgskole	kr. 400.000
- 51/07 Hallingforsk (2 + 2 år)	kr. 1.200.000
I 2008 har Regionrådet løyvde midlar til følgjande tiltak:	
- 49 og 63/08 Utsiktsrydding Hallingdal	kr. 500.000
- 72/08 Perfect day i Hallingdal.	<u>kr. 200.000</u>
Totalt løyvde	<u>kr. 2.750.000</u>
Ubrukte midlar pr. 31.12.2008	<u>kr. 1.698.000</u>

5.8 Skjønnmidlar til omstillingstiltak

Også for 2008 vart det søkt om skjønnsmidlar til omstillingstiltak i Hallingdal, ut frå Fylkesmannen i Buskerud sitt omstillingsprogram.

Med bakgrunn i forslag til tiltak frå Rådmannsutvalet og handsaming i Regionrådet vart det løyvde midlar til følgjande tiltak:

- Adferdsproblematikk i grunnskula	kr. 500.000
- IKT – Serviceanalyse tenestebeskrivingar	kr. 350.000
- IKT - Sentralt nett	<u>kr. 150.000</u>
Sum kr.	<u>kr. 1.000.000</u>

5.9 Fjellregionsamarbeidet

Fjellregionsamarbeidet er eit regionalpolitisk samarbeidsnettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge, der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget og føresetnadane for næringstilpasning, kultur og livsvilkår.

Medlemmer er fjellkommunar/regionråd og fylkeskommunar i Hedmark, Buskerud, Oppland, Sogn- og Fjordane og Telemark.

Måla og arbeidsområda for Fjellregionsamarbeidet er:

- Vera pådriva for å skapa ein ny fjellpolitikk i Norge og medspelar i norsk regionalpolitikk.
- Kunnskapsformidling om nasjonale og internasjonale tema
- Politikktutforming internasjonalt og deltaking i Euromontana

Regionrådet for Hallingdal deltek i Fjellregionsamarbeidet og Olaug Grønseth Granli er valt inn i arbeidsutvalet.

Sjå meir her: <http://www.fjellregionsamarbeidet.no>

5.10 ”Det Digitale Hallingdal”

Det Digitale Hallingdal er namnet på den felles satsinga kommunane gjer innan IKT.

Halgrim Merødnigen som IKT-koordinator for kommunane i Hallingdal er formelt tilsett i Regionrådet, men har Rådmannsutvalet som styringsgruppe.

I samband med forvaltningsrevisjon av Regionrådet i 2007, vart det peika på at rapporteringa for det regionale IKT-samarbeidet burde vurderast. Dersom aktivitetar i regi av dette samarbeidet framleis skal inngå i Regionrådet sitt rekneskap så burde det gå tydeleg fram kva aktivitetar og balansepostar som tilhørde Regionrådet sine aktivitetar, og kva som vart gjennomført i regi av Styringsgruppe IKT. I samband med rekneskapet er dette gjort og felles IKT-prosjekt blir ikkje nærare kommentert.

5.11 Breiband Hallingdal

I 2006 søkte Regionrådet for Hallingdal, Høykom om midlar til breibandutbygging i Nordbygdane og Rukkedalen og det vart løyvd kr. 1.959.000 til formålet. Hallingdal Kraftnett har stått for utbygginga som på det næraste er avslutta, og som hadde ein total anleggskostnad på ca. 6,2 mill. kroner.

I 2007 søkte Regionrådet om ytterlegare midlar til breibandutbygging, og det vart løyvd ca. 4,4 mill. kroner av ein total kostnad på ca. 10,5 mill. kroner. Midlane skal i nyttast til utbygging i områder som ikkje har breibanddekning eller der det er "kvite hol". I løpet av 2008 er det meste av utbygginga gjennomført og vil bli avslutta våren 2009.

5.12 Rekruttering til Hallingdal

Hallingdal har svært store utfordringar i forhold til å sikre stabil arbeidskraft og er ein av regionane i landet som har størst etterspørsel etter arbeidskraft og lågast arbeidsløyse. Det er til dels store vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Dette er ein trussel i forhold til både dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For å møte desse utfordringane blir det arbeidd med løysingar på tvers av kommunegrensene og styrking av samarbeidet både i privat og offentlig sektor. I denne samanheng er satsing på ungdom ein av dei viktigaste strategiane. Partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune og Hallingdal Næringshage legg vekt på desse forholda. Både Næringshagen og Hallingdal Etablerersenter er aktiv samarbeidspartar i forhold til nyskaping, allianse- og nettverksbygging mot lokalt næringsliv og ungdom/studentar.

Regionrådet og Hallingdal Næringshage har rekruttering til Hallingdal som et prioritert arbeidsområde. Eit tiltak er å bygge opp og drifte ein database (www.ressurspersoner.no) som no inneheldt adresse- og «kompetanseregister» for over 300 personar frå Hallingdal, utflytta hallingar og andre som ønskjer å ha kontakt med Hallingdal. Databasen er eit nyttig hjelpemiddel for kommunikasjon mellom næringslivet og potensielle arbeidstakarar/etablerarar.

Eit anna hovudområde har vore å skapa eit tettare samarbeid mellom skule og næringsliv. Her er m.a. felles yrkesmesse for Hallingdal og prosjektet Ungt Entreprenørskap viktige tiltak. Prosjektet Lys i alle glas og eige tilflyttingsprosjekt er andre døme (pkt. 5.12 og 5.13).

5.13 Lys i alle glas

Dei fleste kommunane i Numedal, Hallingdal og Midtjylland har opplevd ei negativ befolkningsutvikling dei seinare åra. Største utfordringa for dei fleste av kommunane ser ut til å vera å sikre nødvendig arbeidskraft. Med ei negativ befolkningsutvikling og fråflytting frå grendene blir konsekvensane ein negativ trend, som på sikt kan bli svært alvorleg. Det blir vurdert som viktig å stanse fråflyttinga frå bygdene – og få fram tilbod som kan vera attraktive for potensielle tilflyttarar.

Med prosjektet ”Lys i alle glas” har dei 12 kommunane i Numedal, Hallingdal og Midtfylket teke initiativ til eit konkret tiltak som skal vera med å snu den negative trenden. Målsettinga er å medverke til at flest moglege fråflytta bruk får fast busetnad i Numedal, Hallingdal og Midtfylket, og at fleirparten av tilflyttarane får seg arbeid i regionen eller har med seg sin eigen arbeidsplass.

Prosjektet har ein prosjektperiode på 5 år, 2007 – 2011.

Prosjektet søktet i 2008 om midlar frå Kommunal- og Regionaldepartementet si ”Småsamfunnssatsing” og det var løyvd kr. 800.000 med klare føringar om tilsvarande beløp for 2009. I tillegg løyvde Landbruks- og Matdepartementet kr. 200.000 frå sentrale bygdeutviklingsmidlar.

Torunn Bekkeseth er tilsatt som prosjektleiar for Hallingdal frå 1.2.2008.

Dagleg leiar i Regionrådet har prosjektansvar for regionprosjektet i Hallingdal, som starta opp i desember 2007.

Sjå meir her: www.lysialleglas.no

5.14 Tilflyttingsprosjekt

Folketalsutvikling, alderssamansetjing, kvinneunderskot, mangel på arbeidskraft, rekruttering/tilflytting, entreprenørskap, auka verdiskaping, nye arbeidsplassar. Dette er ord som ofte blir nytta når utfordringar for distrikta blir omtala.

Tilflytting til Hallingdal og rekruttering er prioriterte tiltak i Strategisk plan for Hallingdal.

I sak 53/07 hadde Regionrådet busetjing, tilflytting og rekruttering av arbeidskraft som tema. Ut frå drøftingane vart det bestemt at det skulle arbeidast vidare, med tanke på at temaet vart eit hovudtema på fyrste Hallingtinget i 2008.

På Hallingtinget i april 2008 var dette eit hovudtema, der det m.a var innlegg frå:

- Gert Rietman frå det nederlandske rekrutteringsselskapet Placement Utvikling AS
- Knut Oscar Flæten, Sparebank1 Hallingdal
- Knut Vareide, Telemarksforskning.

Ut frå drøftingar vart det bestemt at Regionrådet skulle få ei sak til handsaming om rekruttering, basert på konseptet til Placement Utvikling AS.

I sak 28/08 gjorde Regionrådet vedtak om å setja i gang eit to-årig tilflyttingsprosjekt, basert på konsept til Placement Utvikling AS.

Tilflyttingsprosjektet er eit regionalt prosjekt, der alle kommunane i Hallingdal er med. Målet er å legge til rette for tilflytting og varig busetting ved å tilføre arbeidskraft og etablerarar til Hallingdal frå Nederland, Belgia og Tyskland.

Planlegging av prosjektet og etablering av styringsgruppe vart gjort i 2008. Frå 1.1.2009 er Elfrid Tufte Bere tilsett som prosjektleiar i 50% stilling.

Sjå meir her: <http://www.regionraadet.no/Menyvalg/Prosjekter/Tilflytting-Placement/>

5.15 Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres

I sak 38/07 handsama Regionrådet for Hallingdal forslaget om å utarbeide ein felles Energi – og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Regionrådet var positiv og rådde kommunane i Hallingdal til å delta i prosjektet. Alle kommunane vedtok å vera med i arbeidet. Av ulike årsaker tok det noko tid før kommunane i Valdres hadde fatta positive vedtak, men i slutten av 2007 kom arbeidet i gang.

Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres – *Den grønne region* er planlagt avslutta i 2009.

Sjå meir her: www.valhallklima.no (under arbeid)

5.16 Eit opnare Hallingdal - utsiktsrydding

I sak 49/08 vedtok Regionrådet for Hallingdal å løyve midlar til prosjektet "Utsiktsrydding Hallingdal". Regionrådet ynskjer at Hallingdal skal delta som eitt av tre pilotprosjekt i eit hovudprosjekt, i regi av Buskerud fylkeskommune under navn "Et åpnere Buskerud!".

Attgroing er ei av dei største utfordringane for å kunne ha ei god reiseoppleving langs vegane til og i Hallingdal. I tillegg til at utsiktsrydding er eit viktig element i eit reiselivsperspektiv vil også prosjektet ha gode effektar i forhold til trafikktryggleik. Prosjektet vil starte opp i 2009.

5.17 Forvaltningsreforma

Prosessen i samband med den sokalla forvaltningsreforma var omfattande. Regionrådet sette ned eigen arbeidsgruppe for å førebu saka. Hallingtinget handsama saka 4.mai 2007.

I sak 29/08 gav Regionrådet uttale til Forvaltningsreformen og forslag til nye oppgåver til det folkevalgte regionale nivået.

Med bakgrunn i dei sentrale føringar som vart lagt, omfattande prosessar som vart gjennomført regionalt og lokalt, og endeleg resultat, så kan det vera god grunn til å stille spørsmål ved ressursbruk og truverd.

5.18 Eventuell samanslåing av politidistrikt i Buskerud

I samband med politireform 2000 vart talet på politidistrikt redusert frå 54 til 27.

Det var vurdert å etablere eit politidistrikt i Buskerud. Men resultatet vart å oppretthalde eit politidistrikt med utgangspunkt i Hønefoss fordi det var lite kriminalitetsmessig forbindelse mellom Hønefoss/Hallingdal og Drammen.

I Stortingsmeldinga frå 2001 vart det understreka at distriktsstrukturane i Oppland og Buskerud skulle vurderast på nytt i samband med evalueringa av politireforma i 2006.

Politidirektoratet fekk som ledd i dette i oppdrag frå Justisdepartementet å vurdere samanslåing av politidistrikta i Buskerud og Oppland.

I høyringsforslaget foreslo direktoratet samanslåing av dei 2 politidistrikta i Buskerud og Oppland.

Regionrådet for Hallingdal handsama denne saka fleire gonger. 23.2.2007 var det møte mellom Regionrådet, lensmenn i Hallingdal og politimeister Georg Isdahl for orientering og drøfting. Det var møte med statssekretær Terje Moland Pedersen i Justis- og politidepartementet. I sak 44/07 gav Regionrådet uttale i samband med forslag om samanslåing av politidistrikta i Buskerud og Oppland fylker, med utgangspunkt to problemstillingar:

- Kvifor slå saman politidistrikta i Buskerud og eventuelle konsekvensar.
- Framtidig struktur for lensmannskontora i Hallingdal.

Resultatet kom i mai 2008 då justisminister Knut Storberget besluttet at Nordre Buskerud og Søndre Buskerud politidistrikter ikke skal slåast saman. Justisministeren poengterte i sin vurdering at det var lagt stor vekt på at eit fleirtal av høyringsuttaler gjekk i mot å slå saman politidistrikta. Dette er ei sak som syner at det er mogeleg å nå fram, når det er engasjement og god og samstemt argumentasjon.

5.19 Uttaler

Hallingtinget har gjeve uttale til følgjande saker i 2008:

- Sak 03/08 Nasjonal Transportplan 2010 – 2019
- Sak 09/08 Høyring av forslag til klassifisering av øvrige riksvegar

Regionrådet har gjeve uttale til følgjande saker i 2008:

- Sak 29/08 Forvaltningsreformen - forslag til nye oppgåver til det folkevalgte regionale nivået.
- Sak 30/08 Uttale regional planstrategi
- Sak 53/08 Uttale vedr. søknad om godkjenning av pilotsjukehus
- Sak 56/08 Uttale vedr. hovudstadsprosessen i Helse Sør-Øst
- Sak 74/08 Uttale til konseptvalutgreiing for Ringeriksbanen

6. VERV

Oversikt over div. verv der medlemmer frå Regionrådet er representert:

- Representant i styre for Hallingdal Næringshage; Torleif Dalseide
- Representant i fagrådet i Hallingdal Etablerersenter; Tor Egil Buøen
- Representant i styringsgruppe, Trafikktryggleik Hallingdal; Gerd Eli Berge (leiar)
- Representant i styre i Forum Nye Bergensbanen; Torleif Dalseide (leiar)
- Representant i styre for IS Rv7; Erik Kaupang (leiar)
- Fylkesmannen i Buskerud; Fornyng og utvikling av kommunane – prosjektgruppe; Oddvar Grøthe,
- Utviklingsforum Buskerud fylkeskommune; Oddvar Grøthe
- Fjellregionsamarbeidet: Oddvar Grøthe og Olaug Grønseth Granli (valt 2008)
- Representant til SLT-prosjektet: Gerd Eli Berge og Tor Egil Buøen (valt 2008)
- Trafikktryggleik Hallingdal, arbeidsgruppe; Erik Kaupang og Olaug Grønseth Granli (valt 2008)

I tillegg er Knut Arne Gurigard valt som representant i Hallingmoprojektet.

7. PERSONELL

Personell knytt til regionrådskontoret pr. 31.12.2007:

- Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
- Målfrid Dusegard, sekretær
- Halgrim Merødningen, IKT-koordinator for kommunane i Hallingdal
- Ole-Reidar Lågrinn, prosjektleiar SLT, frå 15.8.2006
- Knut Erik Jetlund, prosjektleiar Trafikktryggleik Hallingdal, frå 5.2.2007
- Torunn Bekkeseth, prosjektleiar Lys i alle glas, frå 1.2.2008, 50% stilling
- Elfrid Tufte Bere, prosjektleiar tilflyttingsprosjekt, frå 1.1.2009, 50% stilling

8. ØKONOMI

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig overskot på kr. 139.006,97.

Det var budsjettert med totale driftsutgifter på kr. 1.319.750 og inntekter på kr. 1.300.000 inklusive kr. 200.000 i eigeninnsats på prosjekt.

Utgiftene til politisk del er kr. 40.385,31 lågare enn budsjettert. Dette skuldast i fyrste rekkje mindre utgifter til møtegodtgjersle og kurs, konferansar.

Utgiftene til administrativ del er kr. 1.260.305,34 i forhold til budsjett på kr. 1.155.750,00.

Av større budsjettmessige avvik:

- Høgare utgift til pensjon enn berekna
- Auke i renteinntekter

Disposisjonsfond/frie midlar var 31.12.2008 på kr. 1.626.632,46.

9. UTFORDRINGAR

Hallingdal som dei fleste distriktsregionar har store utfordringar både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsplass-/sysselsettingsutvikling og avstandsulemper.

Sjølv om Hallingdal fram til no har vore skåna for dei store dramatiske endringane som kjenneteiknar typiske uttynningskommunar, er det fleire varsellamper som må takast på alvor. Det er mange trusselbilete t.d. utflytting og mangel på arbeidskraft .

For distrikta og spesielt for ein reiselivsregion som Hallingdal vil det vera naudsynt med eit godt utbygd kommunikasjonsnett.

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera ulemper og som gjev utfordringar.

Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn, kommunar og regionar der kvinner og menn i alle aldra og fasar av livet ynskjer å leva. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtilbod med variasjon, mangfald og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Tidlegare var det stabilitet og ikkje mobilitet som vart sett på som ein verdi og som la premissar for distriktpolitikken. I dagens samfunn er mobilitet ein verdi som blir sett høgt fordi det er eit teikn på individualitet og å vera uavhengig. Det handlar om moglegheitene til å velje. Mobilitet har vorte ein grunnleggande premiss og ei utfordring for distriktpolitikken. Distrikts- og regionalpolitikken har ikkje lenger som mål at folk skal slutte å flytte på seg.

Den regionalpolitiske tenkinga har vore dominert av eit produksjonsperspektiv. I eit slikt perspektiv er det endringar i produksjonslivet som er rota til regionale problem og at flyttemønster i hovudsak blir styrt av tilgangen til arbeid. Ved å ta eit omvendt perspektiv, livskvalitetsperspektivet kan me tenke oss at næringslivet vil utvikle seg der folk velgjer å busetta seg, og at forhold som ikkje har med arbeidsmarknad kan vera avgjerande for folk sitt flytteleval. Dette bør også kunne samsvara godt for Hallingdal som ein av landets største reiselivsregionar.

Nokre av hovudutfordringar for Hallingdal kan oppsummerast slik:

- Behalde levande lokalsamfunn
- Oppretthalde folketalet med balanse i alderssamansetning og kjønnsfordeling.
- Å legge til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet.
- Å synleggjera Hallingdal sine mogelegheiter og behov overfor sentrale styresmakter.
- Å ta vare på det beste i Hallingdal sin kultur og tradisjon.
- Å styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt.
- Å auke kompetansenivået.
- Sikre god kommunikasjon

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdommen innsikt og tru på ei framtid i Hallingdal. I denne samanheng kan fleire av tiltaka i strategisk plan vera viktige verktøy. Hallingdal Etabelerersenter og Hallingdal Næringshage kan vera aktive medspelarar i dette arbeidet.

Profilering av Hallingdal som ein samla region vil kunne få stor verdi i framtida. I næringslivssamanheng, ikkje minst innan reiselivet vil dette ha mykje å seia. Overfor fylke og stat og ulike vesen og etatar vil det i mange samanhengar vera ei styrkje å opptre som ein samla region.

For at det regionale samarbeidet skal lykkast er det behov for dialog, betre informasjon og synleggjering av kva Regionrådet arbeidar med, både i forhold til det politiske miljøet og Hallingdal generelt.

Utfordringane er store og for å lykkast er det nødvendig med godt samarbeid på alle nivå i tillegg til gode alliansepartnarar.

Viktige saker i 2009 er m.a:

- Følgje opp Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010 med vedteke handlingsprogram for 2009.
- Regional organisering, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet
- Nasjonal Transportplan (2010-2019) med dei konkrete prosjekt som er viktige for Hallingdal
- Trafikktryggleiksprosjektet/Trygge Lokalsamfunn
- Oppfølging av arbeidet med regional planstrategi for Buskerud fylkeskommune
- Oppfølging av reiselivsstrategi for Buskerud
- Gjennomføring av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune
- Profilering av Hallingdal
- Rekruttering og kompetanseheving

Ål 24.3.2009

SAK 79/08, STRATEGISK PLAN, VEDTEKE HANDLINGSPROGRAM, MED PRIORITERINGAR 2009

SAMHANDLING		Framdrift	Ansvar	Kostnad	Pri.
Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode! Gjera Hallingdal sterkare og gje betre tenester til innbyggjarane.					
a	Utgreie samarbeid barnevern, sak 55/08	Rapport jan. 2009	RU		1
b	Utgreie samarbeid tekniske tenester i Hallingdal	2009	RU		1
c	Vidareføre nært samarbeid og oppfølging med NAV-Hallingdal.	2009	RU	eigen tid	1
d	Hallingdal vidareutviklar det interkommunale samarbeidet innan administrative og tekniske støttefunksjonar.	Kontinuerleg	RU	eigen tid	1
e	Betre informasjon internt og eksternt	Kontinuerleg	RR/RU	20.000/år	1
f	Vidareutvikle profilering/identitetsbygging.	2009	RR	100.000	1
Mål 2: Hallingdal sine interesser skal ivaretakast gjennom eit handlekraftig regionråd.					
a	Setja ned arbeidsgruppe for å vurdere kva område som kan/bør regionaliserast, og korleis styring, ansvar og mynde skal organiserast	2009	RR (nytt)	eigen tid	2
b	Regionrådet initierer ein prosess for å styrke samhandlinga regionalt.	2009	RR (nytt)	100.000	2
c	Vidareutvikle www.fjellregionsamarbeidet.no og samarbeidet med Buskerud fylkeskommune, og gjennom dette utvikle internasjonalt nettverkssamarbeid for å kome i ein meir aktiv dialog med EU.	Kontinuerleg	RR	eigen tid 50.000	1
Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunesentra					
a	Vurdere utvikling av eit klart definert regionsenter for Hallingdal til styrking av heile regionen (<i>må sjåast i samanheng med mål 12</i>).	Vurdere eit forskingsprosjekt der det m.a. blir analysert kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar og fordeler/ulempar med eit regionsenter generelt og konkret for Hallingdal	RR		1
b	Kartlegge aktuelle statlege arbeidsplassar som kan vera aktuelle å desentralisere		RR	eigen tid	2
Mål 4: Helsefremmande tiltak i partnerskap skal; auke kompetanse, fremme aktivitet og god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal					
a	Utarbeide regional folkehelseplan. (verktøy for tiltak som Grøn omsorg, IL@skolen , Friskliv, rett kosthold/fysisk aktivitet)	Aktuelt i 2009, men blir sett i samanheng med 1.a	RU i samarbeid med Bfk	eigen tid	2

SAK 79/08, STRATEGISK PLAN, VEDTEKE HANDLINGSPROGRAM, MED PRIORITERINGAR 2009

b	Vidareutvikle Hallingforsk, i samarbeid med Helse Sør Øst og Ringerike sykehus	Under arbeid	Ål kommune		1
c	Vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som distriktsmedisinsk senter og vera i fremste rekkje i arbeidet med samhandlingsreformen.	Under arbeid	Ål kommune/ Samarbeidsutvalet		1
KOMPETANSE					
Mål 5 Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen.					
a	Kartlegge behovet for desentralisert høgskuleutdanning og gjennomføre desse.	2009	RR/Komp. nettverk	50.000	1
b	Støtte etablering av næringsshagar (veksthus) i alle kommunane, desse bør stå saman i nettverk.	Eks. Nes kommune	Kommunane		1
c	Arbeide for etablering av Norges Friluftshøgskole	2009-2010	Hemsedal		1
d	Arbeide for etablering av Norsk Fjellmatsenter	2009	Hol/RR		1
e	Auka satsing på entreprenørskap i skolen, m.a. Ungt entreprenørskap Hallingdal, grunnskule (partnarskap – jobbavis)	2009	RR/NHO	200.000	1
f	Vidareføre Yrkesmessa	Hausten 2009	RR	200.000	1
Mål 6 Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion.					
a	Vurdere etablering av regionalt fotoarkiv.	2009	RR/Arkiv	-	3
b	Verdiskaping innan kulturminneområdet, med bakgrunn i MD og Riksantikvaren sitt program (2006 – 2010)	2009	RU/Hallingdal Museum	50.000/år	1
c	Vurdere etablering eit regionalt kulturutval	2009	RR	20.000/år	2
d	Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.	kont	RR	30.000/år	1
e	Gardnosbreksja som internasjonal attraksjon, oppfølging/vidareutvikling av kommunalt prosjekt	2009-2010	Nes kommune	-	
f	Hallingdal Museum som regional institusjon i samspel kultur/turisme	kontinuerleg	HM/HR	100.000	1
g	Utvikle/marknadsføre nisjeprodukt og andre opplevingar med basis i lokal tradisjon, t.d. Hallingkost	2009-2010	HR		1
h	Utvikle betre og felles informasjon om aktivitetar og tilbod på tvers av kommunane (kva skjer)	2009	RR/RU	50.000	1

SAK 79/08, STRATEGISK PLAN, VEDTEKE HANDLINGSPROGRAM, MED PRIORITERINGAR 2009

i	Opprette regional produsentstilling med base Ål kulturhus og verksemd i heile Hallingdal	2009	Ål kommune	¹	?
<u>INNOVASJON, NÆRINGS LIV, REKRUTTERING</u>					
Mål 7 Etablere konkrete tiltak i forhold til innovasjon, nyskaping og rekruttering					
a	Etablere møteplass mellom Regionrådet og næringslivet.	2009-2010	RR	40.000/år	1
b	Bistand til etablerarar (Hallingdal Etablerersenter)	kontinuerleg	RR	250.000 ²	1
c	Vidareutvikling/drifting av www.ressurspersoner.no	2009-2010	RR	40.000/år	1
d	Støtte prosjektet "Lys i alle glas"	2009 - 2010	RR/kommunane	200.000	1
e	Utvikle tilflyttingsprosjekt i samarbeid med Placement	2009 - 2010	RR/kommunane	450.000	1
f	Arbeide for gode lærlingeordningar, m.a. med fleire lærlingeplassar i kommunane	2009	RR/RU		1
Mål 8 Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.					
a	Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv (Hallingdal Reiseliv må vera Hallingdals felles organ på reiseliv med fokus på felles merkevarerbygging, samarbeid, kompetanse og kvalitet.)	2009-2010	RR/HR	800.000/år	1
b	Gjera Hallingdalselva (inkl. andre elvar og fiskevatn i Hallingdal) til innlandsnorges mest attraktive fiskeregion (eller "Hallingdal, ørretens rike")	2009-2010	Elveeigarlag/ ECO/HR/RR/	50.000/år	1
c	Initiativ for å setja i gang prosjekt der aktivitetstilbod knytt til landbruk blir kopla saman med utvalte reiselivsbedrifter.	2009	HR/RR/ Bondelaga	100.000	3
d	Konkret prosjekt for profilering av innfartsvegane til Hallingdal	2009	RR/HR	-	1
e	Støtte prosjekt for utsiktsrydding langs Rv7 og Rv52	2009-2010	RR/kommunane	500.000	1
Mål 9 Landbruket skal vera ei sterk næring i Hallingdal					
a	Stimulera til gards- og utmarksbasert turisme (Grøn turisme).	Kont	Bondelag/ HR	eigen tid	1

¹ Full stilling som kan finansierast med sal av tenester til ulike enkelt-produksjonar og t.d. faste oppgåver for Hallingdal teaterverkstad og kulturskulane.

² Kommunale tilskot kjem i tillegg

SAK 79/08, STRATEGISK PLAN, VEDTEKE HANDLINGSPROGRAM, MED PRIORITERINGAR 2009

b	Permanent kurs- og rådgjevingstilbod til unge bønder til ein låg pris. (Etableraargrupper, mentortilbod, studieturar, nettverksgrupper m.m.)	2009	HE/Landbrukets fagsenter	-	?
c	Utvikle nisjeløysingar for landbruket i regionen (t.d.Hallingkost)	2009	Bondelaga	100.000	?
d	Etablere prosjekt mellom reiselivet og landbruket,	2009	HR/ Bondelaga	-	2
e	Støtte tiltak for auka (bruk) produksjon av bioenergi	2009-2010	RR	-	2
INFRASTRUKTUR					
Mål 10 Utvikle effektive, trafikksikre og miljøvennlege kommunikasjonsårer					
a	Påverke til at Ramsrudhellingane og Sokna –Ørgenvika blir gjennomført med byggstart 2009-2010.	Kontinuerleg	RR		1
b	Arbeide for at Rv7/Rv52 får ein nødvendig standardheving både i forhold til vedlikehald og trafikktryggleik	Kontinuerleg	RR	Eigen tid	1
c	Sikre at Rv7 over H.vidda og Rv50 Hol/Aurland blir prioritert som fullverdige vinterbrøyta vegar	Kontinuerleg	RR		1
d	Støtte prosjektet Trafikktryggleik Hallingdal	2009	RR		1
e	Regionrådet intensiverar innsatsen i arbeidet til Forum Nye Bergensbanen.	2009-2010	RR	30.000/år	1
f	Samordna transporttilbod med chartertog til området (København – Hallingdal, Oslo – Hallingdal).	Kont	HR		1
g	Betre kollektivtilbodet Gardermoen – Ringerike - Hallingdal	2009	RR		1
Mål 11 Det Digitale Hallingdal³ skal vera med å gje innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag og fremje verdiskapning.					
a	Utvikle breidbandnett i Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett	2009-2010	Hkn/RR	⁴	1
b	Utvikle trådlause sentrum i Hallingdal	2009	RR/Hkn/komm.	800.000 ⁵	1
c	Arbeide aktivt mot regionale/statlege nivå for å utnytte lokale løysingar best mogeleg	Kontinuerleg	RU	eigen tid	

³ Det Digitale Hallingdal = arbeidstittel på felles IKT satsing i Hallingdal

⁴ Hallingdal Kraftnett har påteke eit ansvar for utbygging av hovudnett i Hallingdal

⁵ Tilskot frå KRD/Bfk

SAK 79/08, STRATEGISK PLAN, VEDTEKE HANDLINGSPROGRAM, MED PRIORITERINGAR 2009

Mål 12 Vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal				
a	Gjennomføre regionalt stadsutviklingsprosjekt	2009	RR/kommunane	2
b	Legge til rette for at alternative fornybare energikjelder kan takast i bruk i alle nye private og kommunale utbygningar.	Kontinuerleg	Kommun.	- 1